

Utval: **Finansutvalet**
Møtestad: Scandic Flesland Airport, Blomsterdalen
Dato: 24.10.2019
Tidspunkt: 11:00-15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Silja Eikeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Jeanette Syversen	Medlem	R
Konsultativt medlem leiar for KULII Stian J. O. Davies	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for NÆRNA Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Konsultativt medlem leiar for OPPKO Karianne Torvanger	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for SAMMO Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleder
Ingrid Holm Svendsen	Påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Påtroppande fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Rolf Rosenlund	For påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Påtroppande fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Per Morten Ekerhovd Påtroppande fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland Seksjonsleiar politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg Rådgjevar politisk sekretariat

Ingeborg Strandberg
Møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
GK 1/19	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
PS 1/19	Politiske saker Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 6/19	2019/28	

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i finansutvalet - 24.10.2019

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 6/19

Prosjektleiaren rår til å gjera slikt vedtak:

Finansutvalet viser til framlagt arbeidsdokument 6/19 med vedlegg og gjer følgjande prosessvedtak:

Finansutvalet godkjenner tilrådingpunkt nr 1-21 i arbeidsdokument 6/19

Saksprotokoll i finansutvalet - 24.10.2019

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag (a):

«Finansutvalet vedtek tilrådingane utan endring:
1, 6, 7, 10, 20 og 21

Tillegg:

Prosessvedtak 2,3 og 4:

Før tekst:

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at (....)

Endring:

Prosessvedtak 5:

Endring første setning:

Finansutvalet tek framlegget til fordeling på sektorrammer i tabellen under til vitande og legg dei førebels til grunn for vidare arbeid.

Alternativ:

Prosessvedtak 8:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til omprioriteringer og innsparingstiltak på sektornivå til vitande, og legg det førebels til grunn for budsjett 2020, jf. vedlegg 4.

Endring:

Prosessvedtak 9:

Endre orda «sluttar seg til» til «tek til vitande».

Alternativ:

Prosessvedtak 11-17:

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Endring:

Prosessvedtak 18:

Endrast til:

Finansutvalet sluttar seg til prinsippa i prosjektleiar sitt framlegg til saldering av budsjett 2020.

Alternativ:

Prosessvedtak 19:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein eigen strategi for sentrumsområda og ein eigen strategi for distrikta som skal viser korleis ungdom i heile fylket kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine framlegg til prosessvedtak 1-19 til vitande. Ny handsaming i ekstra finansutval-møte 2. halvdel november.»

Aleksander Øren Heen (Sp) trekte slik del av sitt forslag (a) (markert med utheva skrift):

«Alternativ:

Prosessvedtak 19:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og

strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein eigen strategi for sentrumsområda og ein eigen strategi for distrikta som skal viser korleis ungdom i heile fylket kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag (b):

«Tillegg

Finansutvalet ber prosjektleiar utarbeide ei alternativ kuttliste med ei ramme på 25 millionar.»

Noralv Distad (H) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF, H og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til Heen sitt forslag

Prosessvedtak 19, 3. avsnitt:

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.»

Andersen (FNB) trekk forslaget.

Avrøysting

Prosessvedtaka med Heen sitt forslag 1 og Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Heen sitt forslag 2 vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Finansutvalet viser til framlagt arbeidsdokument 6/19 med vedlegg og gjer følgjande prosessvedtak:

Finansutvalet godkjenner prosessvedtak nr. 1-21 i arbeidsdokument 6/19, med endringar gjort i møtet.

Prosessvedtak 1

Prosjektleiar si tilråding om styrking av sektorbudsjetta knytt til verknadane av statsbudsjettet og nye oppgåver/ innlemming av øyremarka tilskot vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiar si tilråding om overføring av driftsmidlar til investering vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiar si tilråding knytt til KMD midlane vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosessvedtak 2

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for bygg vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for bygg vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/ økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 3

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for fylkesvegar inkl. rassikring vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/ økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 4

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for kollektiv vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 5

Finansutvalet tek framlegget til fordeling på sektorrammer i tabellen under til vitande og legg dei førebels til grunn for vidare arbeid. Tal i 1000 kr.

Felles	-8 684 834
Pol. styring, kont.utv og org. og øk.	754 688
Strategi og digitalisering	169 834
Tannhelse	268 229
Kultur, idrett og inkludering	292 060
Infrastruktur og veg	980 792
Mobilitet og kollektiv	2 540 125
Innovasjon og næringsutvikling	225 889
Opplæring og kompetanse	3 453 217

Prosessvedtak 6

Nye føresetnader for kapitalinntekter og utgifter vert lagt til grunn for budsjett 2020. Netto renteutgifter vert auka med 14,5 mill. kr.

Prosessvedtak 7

Finansutvalet legg til grunn at premieavviket i Vestland fylkeskommune vert amortisert over 7 år.

Prosessvedtak 8

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til omprioriteringar og innsparingstiltak på sektornivå til vitande, og legg det førebels til grunn for budsjett 2020, jf. vedlegg 4.

Finansutvalet ber prosjektleiar utarbeide ei alternativ kuttliste med ei ramme på 25 millionar.

Prosessvedtak 9

Finansutvalet tek til vitande til budsjettfordelinga på løyvingsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 10

Finansutvalet tek framlegg til budsjett for 2020 på løyvingsnivå Kontroll og revisjon til vitande.

Prosessvedtak 11

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 12

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 13

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 14

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 15

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 16

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 17

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 18

Finansutvalet sluttar seg til prinsippa i prosjektleiar sitt framlegg til saldering av budsjett 2020.

Prosessvedtak 19

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.

Prosessvedtak 20

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande.

Prosjektleiar får i oppdrag å arbeide vidare med program for administrativ effektivisering i samband med utarbeiding av økonomiplan for perioden 2021–2024.

Prosessvedtak 21

Vestland fylkeskommune skal nytta følgjande måltal i si økonomiforvaltning;

- Netto driftsresultat i % av driftsinntektene
- Netto lånegjeld i % av driftsinntektene
- Rente- og avdragsbelastning i % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond i % av driftsinntektene

Fylkestinget vedtek fastsetjing av nivå for dei einskilde måltala ved handsaminga av økonomiplan 2021 – 2024, juni 2020.